



Samferdselsdepartementet
Anders Bjørnsen Werp
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3741 - 18/14075

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
02.05.2018

Svar på invitasjon til forhandlinger om byvekstavtale for Bergensområdet

Eg viser til brev av 17.4.18 med invitasjon til forhandlinger om byvekstavtale for Bergensområdet. Lindås kommune takkar for denne invitasjonen og har drøfta saka i formannskapet 26.4.2018 og vi er positive til å vera med, og ser fram til gode og viktige drøftingar om kollektivsatsing, tiltak for mjuke trafikanter mm i vårt regionsenter og lokalsentra forøvrig.

Lindås kommune vil også ha tett dialog med Meland og Radøy kommunar som vi skal slå oss saman med til Alver kommune frå 1.1.2020. Det er avgjerande for oss og for ein opne og inkluderande prosess at det vert gitt nok tid til å forankre dei ulike stega i prosessen og forhandlingane mot våre to naboor.

Vi ser også at eit større prosjekt som bla Nordhordlandstunnellen på E39 – trase mellom Vågsbotn og Klauaneset vil vere eit viktig prosjekt å drøfte i desse forhandlingane. Eg ber difor om at også dette vert satt på dagsorden når ein no går i gang med forhandlingane.

Det framtidige transportbehovet frå Nordhordland til Bergen er stort, både i forhold til kollektiv med bår og buss, men også med personbil. På lik linje som Fjell kommune sit nordhordlendingane i kø kvar dag – noko som ikkje er verken bra for miljøet eller klimaet.

Dette lir også kollektivtrafikken av – der er ikkje eige kollektivfelt mellom Nordhordland og Åsane / Bergen.

Dette er noko vi ynskjer å sjå på gjennom denne avtalen vi blir invitert til.

Frå Lindås kommune vil ordførar Astrid Aarhus Byrknes med vara – Nina Bognøy (varaordfører) vere med i styringsgruppa.

Til den administrative forhandlingsgruppa ynskjer Lindås på lik linje som Os kommune at der er både politisk og administrativ representasjon.

Formannskapet har utnevnt rådmann Ørjan Raknes Forthun til adm.forhandlingsutval med vara Hogne Haugsdal (ass.rådmann) i tillegg ynskjer vi at ordfører er med også i denne gruppa.

Vi ser fram til spanande arbeid og godt samarbeid med stat, kommunar og SVV.



Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Samferdselsavdelinga Statens vegvesen	Postboks 7900 Postboks 8142 Dep	5020 0033	BERGEN OSLO
---	---------------------------------------	--------------	----------------

Mottakarar:

Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 DEP	0030	OSLO
--------------------------	----------------------	------	------